

Studieprogram for:

ST: Studiespesialisering

EL: Elektrofag

ID: Idrettsfag

SA: Service og samferdsel / IKT Servicefag

TAF: Tekniske allmenne fag



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Råd frå skulen ved kjøp av privat bærbar datamaskin

Dersom du som elev ikkje ønskjer å gjere deg nytte av det fylkeskommunale tilbudet på bærbar datamaskin, men vel å kjøpe sjølv, ønskjer skulen å gje nokre råd og tips.

Skulen kan ikkje pålegge elevar å kjøpe eit gitt utstyr, men kan kome med sine anbefalingar.

Ikkje alle tilbud ved skulen krev det same av datamaskinene, men skal du til hausten vere elev på studiespesialisering og t.d. har planar om å velje eit IT-fag andre eller tredje året, kan det vere greit å orientere seg om kva tekniske krav dette stiller til datamaskinen.

Skulen sine anbefalingar ved innkjøp av bærbar datamaskin for elevar

For dei fleste elevane gjeld det at skulen nyttar ein del programvare i undervisninga, som vert installert på eleven si eiga maskin.

Denne programvara krev som regel Microsoft Windows. Elevar som nyttar andre operativsystem, slik som Mac OS eller Linux, kan få problem med å kunne køyre desse programma.

Elevar på skulen bør difor ha ei bærbar maskin som stettar følgjande krav:

Windows operativsystem (Windows 7 Home Professional eller betre er sterkt anbefalt)

Intel Core 2 Duo eller AMD Phenom II prosessor eller betre

2 GB RAM (minne) (4GB eller meir er anbefalt)

60 GB Harddisk eller større

13" skjerm eller større

4 timar batteritid eller meir

Alle elevar er **pliktig** å ha eit oppdatert antivirusprogram aktivt på maskina. Merk at antivirusprogram som følgjer med dei fleste bærbare maskiner er prøveversjonar som ein må betale for etter ei tid; Om ein ikkje betaler, vil dei ikkje oppdatere seg. Det finnest gratis alternativ tilgjengeleg, sjå skulens Wiki på <http://ulsteinvgs.com> for meir informasjon.

John-Helge Grevstad

IT-ansvarleg

Ulstein vgs

Ved spørsmål kan skulen kontaktast når systemansvarleg og lærlingane er tilbake etter ferie, etter 01.08.2011.